LINDÅS KOMMUNE

KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - 2019 OG PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Høyringsdokument

Innholdsfortegnelse

1 Innleiing, føremål og bakgrunn 3

1.1 Felles prosess med kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen 3

1.2 Kommunal planstrategi – rettsleg grunnlag 3

1.3 Kommuneplan – rettsleg grunnlag 4

2 Organisering av planarbeidet 4

3 Medverknad og informasjon 5

3.1 Lovkrav 5

3.2 Plan for medverknad og informasjon 5

4 Vurdering av kommunal planstrategi 2012 – 2016 6

4.1 Fokus og prioritering i gjeldande planstrategi 6

4.2 Vurdering av gjeldande planstrategi 6

5 Vurdering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2011 - 2023 7

5.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2011 – 2023 7

5.2 Vurdering av gjeldande samfunnsdel 7

6 Overordna føringar 8

6.1 Nasjonale føringar 8

6.2 Regionale føringar 9

7 Utviklingstrekk og hovudutfordringar for Lindås kommune 10

7.1 Befolkningsutvikling og samansetting 10

7.2 Lindås i regionen 11

7.3 Næringsutvikling 11

7.4 Tettstadsutvikling og utbyggingsmønster 11

7.5 Samferdsle og transport 12

7.6 Klimaendringar og miljø 13

7.7 Folkehelse 13

7.8 Gode oppvekst- og læringsarenaer 14

7.9 Kultur, idrett og fritid 14

7.10 Samfunnstryggleik og beredskap 15

8 Kommunal planstrategi 2016 – 2019 16

8.1 Overordna vurdering og premiss for prioritering 16

9 Planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel 18

9.1 Særskilte tema til drøfting i samfunndelen 18

9.1.1 Folketall, demografi og bustadutvikling 18

9.1.2 Eit meir inkluderande samfunn 18
9.1.3 Helsefremmende arbeid 18
9.1.4 Klima, miljø og energi 19
9.1.5 Samfunns og næringsutvikling 19
9.1.6 Kommunen som organisasjon – tenester og sektorar 19
10 Framdriftsplan kommuneplanen sin samfunnsdel 19
11 Arealdelen 20
11.1 Vurdering av kommuneplanens arealdel 2011 - 2023 20
11.2 Særskilte tema til drøfting 20

1 Innleiing, føremål og bakgrunn

1.1 Felles prosess med kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen

I formannskapsmøte 03.12.15 (I sak 83/15) blei det vedtatt eit prosjektmandat, kor arbeidet med kommunal planstrategi i komande valperiode blir slått saman med oppstart av arbeidet med kommuneplanen, slik pbl § 10-1, 4. ledd opnar for. Det betyr at arbeidet med kommunal planstrategi blir slått saman med planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel. Den kommunale planstrategien må då følgje prosessreglane for eit planprogram (jf. pbl § 11-12 og 11-13). Planstrategiarbeidet vil då vere ein del av sjølve revisjonen av kommuneplanen. Revisjonsbehovet for kommuneplanen må då vere avklart. Denne vurdering blei gjort i førebuing til sak 85/15. Sjølv om ein slår saman prosessane, må vedtaket om kommunal planstrategi kome før planprogram for samfunnsdelen, ettersom planstrategien formelt sett skal vurdere revisjonsbehovet til kommuneplanen. Dette dokumentet inneheld både utkast til kommunal planstrategi 2016 - 2019 i komande valperiode og forslag til planprogrammet for samfunnsdelen. I tillegg inneheld dokumentet også ei mellombels vurdering av særskilte tema, som kan vere grunnlag for eit planprogram for kommuneplanen sin arealdel. Prosessen med revisjon av arealdelen vil etter planen starte i 2017.

1.2 Kommunal planstrategi – rettsleg grunnlag

I samsvar med plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret minst ein gong kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Den kommunale planstrategien er eit verktøy for å prioritere kva planar ein kommune skal utarbeide og rullere i komande kommunestyreperiode. Planstrategien er ein grunnleggjande del av det overordna kommunale plansystemet (figur 1), og gjennom arbeidet med planstrategien blir eksisterande og nye planar vurdert opp mot dei behov og utfordringar som kommunen har.



(figur 1)

Kommunal planstrategi legg hovudpremissane for korleis kommunen skal arbeide med sine prioriteringar og si verksemd i ein kommunestyreperiode. Målet er at kommunen har eit overordna plansystem som heng saman og har ein «raud tråd». Planstrategi legg grunnlaget for kva overordna planar som skal prioriterast (kommuneplanar og kommunedelplanar), og til slutt skal dette vise igjen i dei årlege prioriteringane og handlingsplanane (økonomiplan og verksemdsplanar). I figur 1 er det vist korleis plansystemet skal fungere.

1.3 Kommuneplan – rettsleg grunnlag

Plan- og bygningslova kapittel 11 beskriv grunnlaget for kommunen sin overordna kommuneplan. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsplan og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggje retningslinjer og pålegg frå statlige og regionale myndigheter til grunn. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som beskriv korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande år eller meir, og den skal reviderast årleg. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ei beskriving og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Pbl § 11-13 set krav om at det skal utarbeidast eit planprogram for kommuneplanen, og forslag til sendast på høyring og offentleg ettersyn. Planprogrammet skal beskrive særskilte tema som ein skal vurdere vidare i sjølve planprosessen.

2 Organisering av planarbeidet

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil følgje reglementet for prosjektstyring i Lindås kommune. Prosjektorganisasjonen vil blir bygd opp på følgjande måte:

Politisk styringsgruppe
Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for planarbeidet.

Administrativ styringsgruppe
Rådmannsgruppa er administrativ styringsgruppe og har ansvar for at planarbeidet blir fulgt opp i organisasjonen. Assisterande rådmann er prosjektansvarleg.

Prosjektleiar
Plan- og utviklingssjef er prosjektleiar for planarbeidet og har ansvar for at prosessen blir fulgt etter framdriftsplanen. Prosjektleiar vil også ha ansvaret for å samkjøre og koordinere arbeidet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Arbeidet med arealdelen vil truleg starte i 2017.

Prosjektgruppe
Prosjektgruppa består av prosjektleiar, prosjektkoordinator, representant frå oppvekst, representant for helse og omsorg, næringssjef, folkehelsekoordinator og prosjektleiar infrastruktur. Prosjektkoordinator har ansvaret for å samordne og koordinere arbeidet med arbeidsgrupper og referansegrupper, samt regionale mynde. Dei andre medlemmane i prosjektgruppa vil i hovudsak vere gruppeleiar for kvar si arbeidsgruppe. Gruppeleiarane skal bidra til at arbeidsgruppene gjer sitt arbeid i samsvar med tildelte oppgåver og framdriftsplan.

Arbeidsgrupper
Gruppene skal ha ei tverrfaglig samansetting. Gruppene skal gjennomføre oppgåver som er bestemt av prosjektgruppa og hente inn informasjon der det er nødvendig. Arbeidsgruppa skal rapportere til prosjektgruppa via gruppeleiar. Arbeidsgruppene er delt opp etter følgjande områder:

- Helsefremjande arbeid
- Eit inkluderande samfunn
- Næringsutvikling
- Areal, samferdsel, miljø og beredskap

Referansegrupper
Politiske råd og utval vil vere interne referansegrupper i planarbeidet. Eksterne referansegrupper kan vere personar frå frivillige lag og organisasjonar, interesseorganisasjonar, næringsorganisasjonar, konsulentar m.m. Desse gruppene blir tatt med i planarbeidet når dette er aktuelt.

Skisse organisering:



3 Medverknad og informasjon

3.1 Lovkrav

Plan- og bygningslova § 11 set ei rekkje krav til korleis planarbeidet skal gjerast kjend i dei ulike fasane av planprosessen. Både arbeid med planprogram og sjølve planprosessen skal leggast ut til høyring og offentleg ettersyn. I tillegg skal samfunnsdelen kunngjerast i minst ei avis og gjerast kjend gjennom elektroniske media. I saksframstillinga skal det kome fram korleis verknadane av planen og innkomne merknadar til planforslaget har vore vurdert, og kva tyding desse er lagt vekt på i vedtaket.

Medverknad og informasjon vil i hovudsak skje gjennom dei to høyringsrundane med planprogram og sjølve planen. Lova presiserer at det skal leggast særskilt vekt på at kommunen sikrar aktiv deltaking frå grupper som krev spesiell medverknad, spesielt barn og unge, i tillegg til andre grupper og interesser i samfunnet. For å nå desse gruppene vil ein aktivt bruke politiske råd som ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

3.2 Plan for medverknad og informasjon

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den viktigaste overordna planen i Lindås kommune, og skal seie noko om korleis Lindås-samfunnet skal utvikle seg dei neste åra. Det er derfor viktig at ein legg opp til aktiv medverknad til ulike målgrupper i planprosessen. Det er derfor viktig at ein legg opp til ei medverknad som sikrar størst mulig deltaking og som når bredt. Vi ønskjer å leggje opp til ein

medverknadsprosess i ulike kanalar og på ulike arenaer. Det blir lagt opp folkemøter i prosessen, men vi ser at dette er ein arena som samlar relativt få personar. Det er derfor ønskjeleg å bruke ny teknologi og sosiale media for å nå ut til fleire, spesielt dei unge. I tillegg vil ein bruke eigne nettsider aktivt i informasjonsarbeidet og det blir lagt opp til ein aktiv mediestrategi. Det vil også bli vurdert om ein kan bruke kommunen sine eigne arenaer, som skular, barnehagar og andre institusjonar, i arbeidet med aktiv medverknad. Endeleg plan for medverknad og informasjon vil bli konkretisert tidlig i planprosessen og skal til godkjenning i styringsgruppa.

4 Vurdering av kommunal planstrategi 2012 – 2016

4.1 Fokus og prioritering i gjeldande planstrategi

Lindås kommune vedtok sin første kommunale planstrategi 2012 - 2016 i kommunestyremøte 22.11.12. I tillegg blei det gjort ein revisjon av planprioriteringar og framdriftsplanar i kommunestyremøtet 27.11.14. Planstrategien er delt i to, den første delen beskriv utfordringar og områder med planbehov, den andre delen beskriv kva konkrete planar som skal prioriterast. I gjeldande planstrategi var det presisert følgjande hovudutfordringar:

- Utviklinga av regionseneret Knarvik og omland
- Manglande framdrift i utviklinga av kommunikasjonane
- Få ny giv i næringslivet
- Samhandlingsreforma
- Berekraftig kommuneøkonomi

På bakgrunn av desse utfordringane blei følgjande arealplanar og fagplanar særleg lagt vekt på i prioriteringa av planar:

Areal:

- Kommunedelplan Knarvik Alversund med Alverstraumen
- Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden
- Områdeplan for Knarvik

Fagplanar:

- Kommunedelplan skule
- Kommunedelplan for pleie og omsorg
- Kommunedelplan for trafikksikring
- Kommunedelplan for kultur
- Hovudplanar for vatn og avløp

4.2 Vurdering av gjeldande planstrategi

Det har vist seg at planstrategien som blei vedtatt i 2012 var ambisiøs, og det var derfor ein gjennomførte ein revisjon av planstrategien i 2014. Den planen som har vore mest krevjande å gjennomføre, er områdeplan for Knarvik sentrum. Planarbeidet starta eigentleg i 2010 og planen blei vedtatt i juni 2015. Planarbeidet har vore omfattande som ein har brukt mykje politiske og administrative ressursar på. Konsekvensen er at andre sentrale planar er blitt utsett. Mellom anna har ein ikkje hatt kapasitet til å starte på arbeidet med kommunedelplan for Knarvik Alversund med Alverstraumen. Erfaringa er at overordna arealplanar tar tid og kapasitet både på politisk og administrativt nivå. I ny planstrategi er det derfor viktig at ein er tydeleg på prioriteringane, slik at det er mulig gjennomføre det planarbeidet ein faktisk har behov for innafor kommunestyreperioden.

Når det gjeld fagplanar har det vore viktig å få på plass kommunedelplanar for skule, pleie og omsorg. Det blei vedtatt ein kommunedelplan for skule i 2013 og ein kommunedelplan for skulestruktur i 2015. I 2015 blei det også starta eit arbeid med ein ny kommunedelplan for oppvekst, som i stor grad omhandlar dei fagområda som i 2014 blei samla ein oppvekstsektor. Oppvekstplanen kom inn i revisjonen av planstrategien i 2014. Planen er at kommunedelplan for oppvekst skal vere ferdig i 2016. For pleie og omsorg blei det starta eit planarbeid i 2013, men dette arbeidet blei stoppa på grunn av endringar i organisasjonen. Det er utarbeidd ein administrativ plan for helse og omsorg som er gjeldande, men det er planar om å starte arbeidet med ein kommunedelplan hausten 2016. Innan andre fag har ein rullert kommunedelplan for kultur og det er starta opp planarbeid med kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø, trafikksikring, beredskap, landbruk og bustadsosial handlingsplan. Innan tekniske fag er det jobba med hovudplanar for vatn og avløp, i tillegg til vedlikehaldsstrategiar for kommunale vegar og eigedomar. Kommunen har i sist kommunestyreperiode gjennomført viktig planarbeid for å leggje til rette for utvikling i kommunen, både på areal og fag. For å klargjere kommunen i størst mulig grad til ei mulig kommunesamanslåing, vil det i ny planstrategi vere viktig å prioritere dei planane som legg best mulig grunnlag for ein ny kommune. Planen er at ny kommune skal vere operativ frå 01.01.20, då må ein ha sluttført det viktigaste planarbeidet.

5 Vurdering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2011 - 2023

5.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2011 – 2023

Kommuneplanen sin samfunnsdel i Lindås kommune blei vedtatt i kommunestyret 22.09.2011. Samfunnsdelen beskriv utfordringar, mål, strategiar og tiltak for utviklinga av Lindås kommune som samfunn og organisasjon.

5.2 Vurdering av gjeldande samfunnsdel

Gjeldande samfunnsdel inneheld mange gode intensjonar, men det kan vere vanskeleg å vurdere om målet er nådd og om ein i det heile går i riktig retning. I tillegg blir det fleire stader vist til underordna planar på kva mål og strategiar som gjeld for eit område. Dette skal i utgangspunktet vere omvendt, underordna planar skal vise til samfunnsdelen som ein overordna plan. Plandokumentet har ein klar gjennomgåande struktur med omtale, utfordringar, mål, strategiar og tiltak. Utfordringa er at mål og strategiar i stor grad er lagt under same punkt, dette må vere skilt frå kvarandre. Måla bør vere utforma slik at det er mulig å måle om dei er nådd eller ikkje. Strategiar er konkrete vegval og retningsval for å nå måla. Overordna og rundt formulerte strategiar må følgjast opp av meir konkrete strategiar i ein kommunedelplan eller i ein fagplan. På fleire områder er det også tatt klare strategiske val, til dømes innan førebygging, utan at samfunnsdelen viser korleis ein skal komme frå dagens situasjon til ønska situasjon innanfor tilgjengelege rammer. Gjeldande samfunnsdel har ikkje ein konkret handlingsdel, men det er beskrive ulike tiltak under dei ulike overskriftene. Det er heller ikkje gjennomført årlege revideringar av tiltaka. På områder kor ein prioriterer å lage kommunedelplanar eller fagplanar er det ikkje nødvendig å ha tiltak i handlingsdelen i samfunnsdelen.

Status tiltak i samfunnsdelen
Gjeldande samfunnsdel inneheld tiltak for ulike fagområder. Her er nokre av dei tiltaka som er gjennomført i førre kommunestyreperiode:

- Føringar for Knarvikplanen.
- Kyrkje i Knarvik.
- Komplettere omsorgstrappa.
- Flytte ut brann- og driftsstasjonen

- Ny fleirbrukshall Lindås

Her nokre vedtekne tiltak som ikkje er gjennomført:

- Etablering av regionalt kulturhus.
- Interkommunalt landbrukskontor.
- Del kommunale vassabonnentar
- Helsestasjon for eldre
- Samanhengande fortau Ostereidet.

Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi skal kommunen vurdere behovet for å rullere dei ulike planane i kommunen, inkludert kommuneplanen. Etter evalueringa av gjeldande samfunnsdel ser ein behov for å ha ei full rullering av denne planen. Det er behov for å ha tydeligare prioriteringar og ei meir strukturert oppbygging knytt til mål, strategiar og tiltak. I tillegg er det behov for å utarbeide ein handlingsdel slik plan- og bygningslova krev. Målet må vere at ein ny samfunnsdel er eit tydelig overordna dokument som kan redusere behovet for underordna planar. Ny samfunnsdel vil også vere eit viktig grunnlagsdokument inn i ein evt. ny kommune, som skal vere operativ frå 01.01.2020.

6 Overordna føringar

6.1 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar

Regjeringa utarbeider Nasjonale forventningar kvart 4. år. Dokumentet formidlar den nasjonale politikken, og skal fremja berekraftig utvikling. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* blei vedtatt ved kongelig resolusjon 12.juni 2015. Gjeldande nasjonale forventningar er knytt til tre hovudtema: 1) Gode og effektive planprosessar, 2) Berekraftig areal- og samfunnsutvikling, 3) Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde. Dei nasjonale forventningane vil vere retningsgivande, men ikkje bestemmande, og skal bidra til at planlegginga blir meir føreseieleg, effektiv og målretta.

Andre nasjonale føringar
Sentrale lover og retningsliner frå nasjonale og regionale myndigheter legg føringar for kommunal planlegging. Under er nokon av dei viktigaste nemnt:

- Nasjonale forventningar
- Plan- og bygningsloven
- Folkehelseloven
- Naturmangfaldslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Samhandlingsreforma
- Helse- og omsorgstenestelova
- Friluftslova
- Jordlova
- Kulturminnelova
- Forureiningslova

- Diskriminerings- og tilgjengelova

Retningsliner

- Statlige planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlige planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- Rikspolitiske retningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Regjeringa sin miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

6.2 Regionale føringar

Regional planstrategi

Fylkeskommunane er regional planmynde. Dei har ansvar for å utarbeida regional planstrategi og regionale planar. Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Regionale planar skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd.

Hordaland fylkeskommune er i ferd med å revidera regional planstrategi, som skal vedtakast hausten 2016. Planstrategien fastslår kva tema som skal vera gjenstand for regional planlegging i kommande fireårsperiode. Førebels er det peika på følgjande utfordringar som skal drøftast i sjølve strategiprosessen:

- Klimautfordringar og miljø, presisert til:
    - Klimaomsyn premiss for all samfunnsutvikling
    - Fornybar energi
    - Meir miljøvenleg transportsektor
    - Omstilling til eit meir berekraftig næringsliv
    - Relevant kompetanse
    - Press på arealressursane
- Eit meir inkluderande samfunn
    - Eit integrerande fellesskap
    - Gode oppvekstvilkår
    - Alle i arbeid
    - Ei fleirkulturell framtid
    - Gode bustadmiljø og møteplassar i attraktive senter
- Regional struktur i endring
    - Strukturar under press
    - Digitalisering
    - Ein sterk vestlandsregion

Regionale planar

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (under arbeid)
- Regional transportplan (under arbeid)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025
- Regional kulturplan 2015 – 2025
- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi

7 Utviklingstrekk og hovudutfordringar for Lindås kommune

7.1 Befolkningsutvikling og samansetting

1. januar 2016 var det 15 607 innbyggarar i Lindås kommune. Lindås har hatt ei befolkningsvekst dei siste 10 åra med ei relativ folkevekst på 18,1 %. Dette er høgare enn gjennomsnittet for landet (12,1 %) og for Hordaland (14,1 %) i same periode. Dersom ein legg Hordaland fylkeskommune sin tal til grunn kan det vere 22 696 innbyggjarar i Lindås kommune i 2040. Innvandring frå utlandet har i dag lite å bety for folketalet, og dei fleste er arbeidsinnvandrarar frå aust Europa. Kommunen må vere forberedt på aukande del innvandrarar og flykningar, noko som blant anna medfører å leggje til rette for auka deltaking i utdanningssystemet, i arbeidslivet og på andre samfunnsarenaer. Det blir avgjerande å få til eit samfunn som skapar møteplassar og nettverk på tvers av kulturell bakgrunn og som fremjar felles verdigrunnlag.

Lindås har ein høg del innbyggjarar med grunnskule som høgaste utdanning. Dette kan skuldast at ein finn dei fleste arbeidsplassane innan industri- og oljesektoren, med blant anna svært mange arbeidsplassar på Mongstad. Lindås er ein av kommunane som har hatt størst auke i tal ledige det siste året. I eit litt lengre perspektiv er det venta at ledigheten skal stige ytterlegare før den flatar ut og går ned igjen. Ein tendens i kommunen er at andelen unge i alderen 18 – 24 år med sosialstønad er høg. Dette er ei utfordring særskilt fordi ein ser ei samanheng mellom å vere NAV-brukar og bli uføretrygda. Det er venta at 20 % av befolkninga er over 67 år i 2040 (tilsvarande 14 % i 2015). Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester, til dømes helse, pleie og omsorg, kultur og fritidsaktivitetar og økonomi. Det er spesielt innanfor helsetenester i heimen og sjukeheimsdrift dei største utfordringane kjem. Rekruttering til yrkesaktive i helsesektoren blir viktig. Sentraliseringstrenden fortsetter og skapar press på kvalitetane i vekstområda. I Lindås har det vore ei jamn befolkningsvekst i senterområda dei siste femten åra. I same periode har det vore ei negativ folketalsutvikling i dei mindre bygdene. Utfordringa ligg i å skape gode bumiljø med kvalitet for alle innbyggjarane, uavhengig av alder, inntekt og sosiokulturell bakgrunn.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen – Befolkningsutvikling og samansetning

- Korleis leggje til rette for vekst?
- Kva grep gir god integrering av flyktningar og innvandrarar?
- Korleis sørgje for at alle unge er enten i arbeid eller i utdanning?
- Store delar av befolkningsveksten vil kome i senterområda. På kva måte kan kommunen leggje til rette for gode bustadmiljø?

7.2 Lindås i regionen

Knarvik er utpeika som regionalt knytepunkt i Regional plan for attraktive senter (2014), utarbeida av Hordaland fylkeskommune. Store deler av Nordhordland ligg innanfor ein reiseavstand på 1 time frå Knarvik. I tillegg til service og tenesteyting, er fleire regionale funksjoner lokalisert i Knarvik, til dømes legevakt og vidaregåande skule. Knarvik er i dag eit tydeleg regionsenter i Nordhordland, og det vert forventa at tettstaden vil halda posisjonen som handels-, teneste- og administrasjonssenter framover. Når det gjeld utforming er Knarvik i dag prega av parkerings- og trafikkareal, og det er stort sett handel og service som pregar Knarvik, med lita grad av aktivitet på kveldstid og i helgar, og rom for rekreasjon og oppleving. Områdeplan for Knarvik sentrum ble vedtatt 18.juni 2015. Knarvik er i endring, og skal utviklast med bymessig strukturar og kvalitetar. Planen legg vekt på tilrettelegging for handel og service, ei god kollektivdekning, effektive parkeringsløysingar og gode byrom for aktivitet og sosialt samvære.

Knarvik ligg i dag ca. 30 km frå Bergen sentrum. Samanlikna med andre randsonekommunar som til dømes Fjell og Askøy, har Lindås større avstand til Bergen. Med Nyborgstunnel kan avstanden kortast ned med ca. 5 km, og kan dermed gjere Knarvik enda meir attraktiv på bustadmarknaden og i forhold til nye næringsetableringar.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen – Lindås i regionen

- Kva funksjonar ønskjer innbyggjarane i Nordhordland skal vere tilgjengeleg i Knarvik?
- Korleis skal Knarvik posisjonere seg som regionsenter?

7.3 Næringsutvikling

Lindås er prega av ein sterk industri, der aktiviteten på og rundt Mongstad er det industrielle "navet". Varehandel står sentralt og kommunen har også ei verksemd knytt til maritim næring. Lindås har relativt få arbeidsplassar knytt til forretningsmessig tenesteyting. Kommunen er den største tilbydaren av arbeidsplassar til personar med høgare utdanning, men har relativt få arbeidsplassar å tilby denne gruppa.

Gjeldande kommuneplan legg som strategi at nye næringsområder i hovudsak skal utviklast i nærleiken av E39 og fv.57. Langsiktig tilrettelegging av infrastruktur og tilgjenge til gode næringsareal på land og eventuelt i sjø, eit godt transportsystem og elles god infrastruktur, er avgjerande for næringsutvikling. Sentrale utfordringar er mellom anna korleis kommunen kan leggje til rette for vekst og utvikling og gje gode rammer for næringslivet. I framtida vil sjø og kystline spela ei enda sterkare rolle i matforsyning. Lindås har ei langstrakt kystline der potensialet for fiske og akvakultur er stort. Nye artar av algar, skaldyr og fisk, kan i framtida spela ei viktigare rolle.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen - Næringsutvikling

- Kva skal vere kommunen si rolle i å legge til rette for nyetableringar?
- Er det avsett tilstrekkeleg med areal til næring i gjeldande kommuneplan, og ligg desse på rett stad?

7.4 Tettstadsutvikling og utbyggingsmønster

Lindås er ein typisk privatbilkommune, utstrakt og med lange avstandar. Kommunen har eit spreidd busetnadsmønster med tre senterområde og fleire bygder. For dei som ikkje bur i senterområda er folk avhengig av bil til det meste. Gjeldande kommuneplan (2010 - 2022) legg samordna bustad-,

areal- og transportplanlegging til grunn for utbyggingspolitikken i kommunen. Eit utbyggingsmønster med konsentrert utbygging med kvalitet i senterområda Knarvik, Ostereidet og Lindås er eit hovudprinsipp. Veksten og utviklinga her vil påverke kommunens arealbruk i åra framover og gir utfordringar knytt til effektiv arealbruk og transportløysingar. Kommunens målsetting er at nedbygging av areal og forbruk av ikkje-fornybare ressursar skal minimerast.

Hushaldingar med ein person aukar både blant unge og eldre. Kommunen skal leggje til rette for eit inkluderande bumiljø med ein variert bustadmasse som dekker behovet i befolkninga i eit langsiktig perspektiv. Målsettinga er god tilgjenge til offentlige tenester og tilbod, og å fremja både kollektivtransport og helsefremjande gang- og sykkeltransport. Ein må ha på plass gode bindingar og snarvegar internt i nye utbyggingsfelt kopla opp mot eksisterande tettsted i alle nye arealplaner.

Sjølv om næringsutvikling og bustadbygging vil bli konsentrert til tettstadene, er kommunen samstundes oppteken av busetting og utvikling av bustader og bumiljø i heile kommunen.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen- Tettstadsutvikling og utbyggingsmønster

- Kva er potensialet for fortetting i Lindås? Korleis fortette med kvalitet?
- Korleis planleggje for spreidd bustadbygging utan om større tettstader?
- Korleis legge til rette for at fleire skal prioritere å gå, sykle eller bruke kollektiv transport?
- Korleis kombinera omsyn til jordvern, marine areal og biologisk mangfold i planleggjing og utføring med behov for å legge til rette for utvikling?.
- Klarer kommunen å leggje til rette for attraktive bustadtypar og bumiljø?
- Korleis kan kommunen leggje gode føringar for bærekraftige og gode lokalsenter med universelt utformede møteplassar?

7.5 Samferdsle og transport

Biltrafikken over Nordhordlandsbrua har auka med 14 % frå 2008 til 2013 og aukar fortsatt. Vegsystemet i Bergensområdet er generelt sårbart med mange bruer og tunnelar på innfartsårene. I nord gjeld dette særleg bruene tilknytt Flatøy, men også E39 gjennom nordre del av Åsane kjem i denne kategorien. Kriseløysingar og omkjøringar her er svært dårlege og sjølv små hendingar på vegen utløyser store trafikale problem både for private og næringslivet. Særleg i regionsenteret Knarvik er der betydelige utfordringar når ein skal møte framtidige by-krav, både interne og som regionsenter i Hordaland.

Nyborgtunnelen er fremja som det viktigaste tiltaket for å utbetre infrastrukturen til Bergen. Tunnelen vil gje eit meir effektivt riksvegnett, og fører til ei innkorting på over 5 kilometer. Dette vil gje klart betre tilgjenge mellom Bergen og Nordhordland, og vert vurdert som eit strategisk viktig tiltak for vidare utvikling av regionen. Tunnelen vil isolert sett kunne bidra til auka biltrafikk, men vil også gje tilsvarande betre kollektivtilgjenge.

Lindås har netto utpendling (fleire som pendlar ut av kommunen enn inn i kommunen), men dei siste åra har det vore ein lita reduksjon av utpendlinga. Pendlinga inn til kommunen har halde fram å stiga. Reisande med Snøggbåten til Bergen har auka frå 2014 (snitt pr mnd) til 2015 og auken fortset.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen- Samferdsle og transport

- Kommunen må arbeide gjennom fylkeskommunen og staten for å utvikle eit tenleg vegnett og tilhøyrande transporttilbod. Kva er gode strategiar for å lykkast i dette arbeidet?
- Kva skal vere målsettinga i å redusere transportbehovet og leggje til rette for meir miljøvennlig transport? Skal det satsast på meir sjøtransprt?

- Korleis skal kommunen legge til rette for pendlarparkering for å auke bruk av kollektivløysingar?

7.6 Klimaendringar og miljø

Klimaet er i endring, og Lindås vert også råka av eit varmare og våtare klima med ekstremver. Sett i høve til mange andre kommunar er ikkje Lindås særskilt utsett i høve klima og klimaendringar. Den mest kostbare forma for klimapåverknad er truleg nedbør, både den intense og særleg den langvarige. Indre strok er til ein viss grad utsett for ulike former for skred og litt flomutsett. Kommunen er elles noko sårbar for vind og lyng/skogbrann, begge deler vesentlig grunna meir skog og lite beiting. Dette har konsekvensar for mellom anna straum- og telenettet.

Hordaland har størst utslepp av klimagassar av alle fylka. Mykje av utsleppa kjem frå kvotepliktig sektor der Hordaland er dominert av punktutslepp med Statoil-Mongstad-raffineriet som landets største. Den sentrale utfordringa er å ta klimaomsyn i all samfunns- og arealplanlegging.

Lindås kommune har ingen godkjente mottak for stein eller jordmassar. Det har likevel vore tatt imot store mengder jord/myr på einskildlokalitetar etter handsaming av landbrukskontoret. Kommunen har starta arbeidet med å utarbeida ein kommunedelplan for massehandtering i området kring Mongstad. Planprogrammet er vedteken.

Plantema i samfunnsdelen- Samferdsle og transport

- Korleis kan Lindås kommune bidra til å redusera lokale klimagassutslepp?
- Korleis kan Lindås kommune sørgje for effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i eigen bygningsmasse og i kommunen for øvrig?
- Kva tiltak må gjennomførast for å effektiv førebygge og redusere lokale konsekvensar av globale klimaendringar?

7.7 Folkehelse

Folkehelse er helsetilstanden i befolkninga og korleis denne fordeler seg blant innbyggjarane. Det er mange faktorar som påverkar folks si helse. Kultur, sosiale oppvekstvilkår som oppvekst- og bustadtilhøve, utdanning, inntekt og arbeid, og levevaner er viktige faktorar. Fysiske forhold som utemiljø og støy påverkar og befolkninga si helse. Folkehelsearbeidet krev og at vi mellom anna legg til rette for gode bu- og nærmiljø, kulturopplevingar, natur- og friområde, og sosiale møteplassar.

Ny lov om folkehelse legg ansvaret for det helsefremjande og førebyggande arbeidet på alle sektorar i kommunen. Utfordringar i forhold til god helse er knytt til ulike forhold, som oppvekstvilkår, skule og utdanning, arbeid, kosthald og muligheitene for trening og fysisk aktivitet. Livskvaliteten er grunngjevinga for mykje av det kommunen gjer og tilbyr av tenester. Målet er at vi skal tenke helse i alt vi gjer, og bidra til å redusere dei faktorane som medfører helserisiko. Samtidig er det naudsynt å styrke dei helsefremjande faktorane.

Helsetilstanden i befolkninga i Lindås er generelt god, men det er skilnad i levekår og livsstil. Lindås kommune har to hovudutfordringar der det finst påverknadsfaktorar som kommunen rår over. Blant vaksne ser vi livstilsjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdom og diabetes type 2. Unge strever med psykiske plagar, einsemd, og fleire strever med læringsutbytte i skulen.

Framtidsretta folkehelsearbeid er først og fremst ein investering i folks helse og livskvalitet. Innbyggjarane er kommunens viktigaste ressurs. Førebygging gjennom folkehelsearbeid er i tillegg eit verkemiddel for å utsetje hjelpebehovet frå offentlege tenester og støtte innbyggjarane i å være

uavhengige, sjølvstendige og aktive aktørar i eige liv. Folkehelsearbeidet kan bidra til å redusere vekst i etterspurnaden etter kommunale tenester. Folkehelse er derfor og ein lønnsam investering i fortsatt vekst og bærekraftig utvikling.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen- Folkehelse

- Korleis skal vi sikre at innbyggarane vil oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseforskjellar?
- Korleis skal Lindås kommune nå ut med folkehelsearbeidet til alle innbyggarar i kommunen?

7.8 Gode oppvekst- og læringsarenaer

Det er i dei tidlegaste åra at grunnlaget for framtidig helse og eit godt vaksenliv skapast. Barnehagar av høg kvalitet er svært viktig for å skape gode og jamne oppvekstvilkår for barn gjennom sosial og språkleg kompetanse. I kommunen er det lav bemanning i barnehagane og få tilsette med relevant utdanning. Lindås kommune fyller derfor ikkje Folkehelseinstituttet sine kriterier for «kvalitetsbarnehagar». Det er også få tilsette i SFO med relevant utdanning, og ingen har lærar- eller førskulelærarutdanning. Få har fagbrev, og dei fleste kommunane i landet har betre utdanna personell ved SFO enn det Lindås har.

Grunnskulen er ein sentral inkluderingsarena, og resultat i grunnskulen påverkar grad av fullføring i vidaregåande skule. I Lindås har fleire enn landssnittet lågaste mestringsnivå i lesing og rekning i 5. klasse. Nivået på nasjonale prøver på 8. og 9. trinn er langt under middels. I 10. klasse oppgjer 20 % at dei ikkje trivst, (landssnitt 15 %). 7,5 % seier at dei blir mobba i 10 klasse. Nær ein av fem fullfører ikkje vidaregåande skule i løpet av 5 år. Fråfall i vidaregåande skule er litt lågare enn snittet for landet (19 % for Lindås, 24 % for landet). Det er viktig at så mange som mogleg fullfører vidaregåande opplæring sidan dette nærast er ein føresetnad for å delta i arbeidslivet.

Plantema i samfunnsdelen- Gode oppvekst- og læringsarenaer

- Korleis bidra til at barnehager oppfyller kriteret for «Kvalitetsbarnehager»?
- Kva skal vere målsettinga for yrkesbakgrunn blant tilsette i SFO?

7.9 Kultur, idrett og fritid

Høg kvalitet på tilbodet frå eit bredt spekter av frivillige lag og organisasjonar er eit særtrekk i Lindås-samfunnet. Korpsbevegelsen står særs sterkt og Knarvikmila har gjennom mange år bygd seg opp til å bli ei av dei største helse- og aktivitetsarrangementa i landet.

Befolkninga i Lindås har gode moglegheiter for variert fysisk aktivitet ute i naturen med kort tilgang til skog og mark frå stort sett alle bustadområda. Økt livskvalitet og betre folkehelse kan ein oppnå ved å leggje til rette område for aktivt friluftsliv, og ved å bygge opp under gode rammer for fysisk aktivitet i barnehagar, skular, verksemder og institusjonar. Lindås er relativt godt dekka med anlegg og område innan ulike idretts- og friluftsaktivitetar. Dei fleste anlegga ligg lett tilgjengeleg i nærleiken av anten skule eller tettbygd miljø. Kommunen gjer ein god innsats med bygging av fleirbrukshallar, men det er framleis eit stort underskot på hallkapasitet, og ein ser behov for utbygging og utviding i fleire av tettsteda.

For å lykkes i det helsefremmende folkehelsearbeidet er det behov for og leggje til rette for å stimulere alle aldersgrupper i befolkninga til et aktivt liv. Lindås kommune brukar langt mindre av budsjettet sitt på aktivitetar knytt til kultur og idrett enn gjennomsnittet i landet og andre samanliknbare kommunar. Kommunen manglar blant anna ei felles scene/lokale for store

arrangement slik at ein kan arrangere festivalar/ konsertar/ seminar. Lokala til hovudfilialen på biblioteket er ikkje store nok og tilfredsstillar ikkje krava til eit moderne bibliotek. Bibliotek er til dømes ein god integreringsarena, og kan vere verdifull for å skapa fellesskap og nettverk mellom menneske.

Kulturminne og kulturmiljø er rekna som samfunnet sine felles verdiar. Kulturminne skapar grunnlag for lokal samfunnsutvikling og har potensiale for kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Berekraftig forvalting av landskap og kulturminne gjer det til ein ressurs for nolevande og framtidige generasjonar i Lindås. Kommunen treng og lokale for å kunne formidle å ta vare på kulturminna til kommunen. Dette er viktig for å ta vare på og byggje opp om identiteten til innbyggjarane. Som igjen er viktig for å ha levande bygder og god stadutvikling.

Plantema i samfunnsdelen – Kultur, idrett og fritid

- Korleis leggje til rette for eit godt og variert fritids- og friluftstilbod for alle?
- Korleis bruke kultur- og idrettsarenaer som plattform for fellesskap og integrering?
- Korleis få fleire elevar med minoritetsbakgrunn inn i kulturskolen?

7.10 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit heilskapleg ansvar for innbyggjarane sin tryggleik og beredskap. Dette er regulert gjennom forskrift for kommunal beredskapsplikt frå 2011. Føremålet med forskriften er å sikre at kommunen tek vare på innbyggjarane sin tryggleik og sikkerheit. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnssikkerheitsarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikten etter forskrifta omfattar kommunen som mynde innafor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.

Kommunen skal gjennomføre ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som er forankra i kommunestyret. Lindås kommunen utarbeidde ei overordna ROS-analyse i 2012. Denne ROS-analysen fekk kommunen pris for. Kommunen har også eit særleg ansvar for å følgje opp ROS-analysen og implementere mål, strategiar, prioriteringar og tiltak i andre planar og prosessar. Basert på ROS-analysen skal kommunen utarbeide ein overordna beredskapsplan. Denne beredskapsplanen skal samordne og integrere alle beredskapsplanar i kommunen. Den overordna beredskapsplanen skal mellom anna innehalde ein plan for kommunal kriseleiing (KKL), varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplanar og plan for krisekommunikasjon. Sentrale områder som skal vurderast i ROS-arbeid og beredskapsplanar er mellom anna:

- Brann – Auka lovkrav og kompetansekrav, endra bygningsmasse og bustadstruktur, auka fokus på førebygging og risikostyring
- Klima – Fleire naturskapte hendingar, fleire klimarelaterte hendingar
- Kriseberedskap – Større forventningar til kommunane ved krisehandtering
- Kriminalitet – meir samhandling med politi for å handtere spesielle situasjonar
- Miljørisiko – Auke av transport av farleg gods på sjø og land, lagring av avfall.
- Trafikktryggleik – Meir førebyggjande arbeid.
- Helse – brann får ei større rolle i tidlig fase, fleire bur heime lengre.

Aktuelle plantema i samfunnsdelen – Beredskap og samfunnstryggleik

- Har kommunen ein heilskapleg beredskapsplan?
- Har kommunen god nok oversikt over aktuelle risiko- og sårbarheitsfaktorar?
- Er kommunen rigga for å handtere krav og forventningar til kriseberedskap?
- Har kommunen god nok beredskap knytt til klima og miljø?

8 Kommunal planstrategi 2016 – 2019

8.1 Overordna vurdering og premiss for prioritering

I arbeidet med ny planstrategi for Lindås kommune 2016 – 2019 er det nokre overordna føringar som legg premiss for kva planar som skal prioriterast. I arbeidet med planstrategien er det tre hovudområder som har skilt seg ut:

1) Førebu kommunesamanslåing
2) Førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter
3) Legge til rette for best mogleg utvikling av næringslivet

Førebu kommunesamanslåing

I løpet av våren 2016 skal kommunestyret i Lindås avgjere om kommunen skal slå seg saman med andre kommunar i regionen. Ein evt. ny kommune skal vere klar til 01.01.2010. For å vere best mogleg rusta til å gå inn i ein ny kommune, er det viktig at Lindås prioriterer planar som skal vere eit grunnlag inn i den nye kommunen. Mange av planane vil vere gjeldande inn i den nye kommunen, fram til den nye kommunen vedtar sine planar. I arbeidet med å førebu kommunesamanslåing er det vurdert at kommunen må ta ei full rullering på kommuneplanen sin samfunnsdel, det er derfor lagt opp til ein felles prosess med planstrategi og planprogram til samfunnsdelen. Kommuneplanen sin arealdel blei vedtatt i 2011 og det blei gjort eit grundig og godt arbeid med denne planen. Det er derfor vurdert at ein ikkje treng ta ei full rullering av arealdelen, men at det er særskilte tema som må vurderast på nytt. Forslag til tema for arealdelen vil kome attende til seinare i dokumentet. I ein ny kommune vil nærsentra spele ei sentral rolle og det er viktig å avklare rolla til desse sentra gjennom oppdaterte arealplanar. I perioden fram til 2020 vil det derfor vere viktig å få på plass oppdaterte områdeplanar for Lindås, Ostereidet og Alversund. Områdeplan for Knarvik blei vedtatt i 2015. Når det gjeld fagplanar er det viktig å prioritere arbeidet med dei store tenesteområda som oppvekst, helse og omsorg. I tillegg er det behov for ha oppdaterte planar på idrett, friluftsliv, kultur, klima, beredskap, infrastruktur, trafikksikring og næring.

Førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter

I perioden fram til 2030 er det spådd stor vekst i Bergensregionen og Nordhordland som region skal handtere mykje av denne veksten. Spesielt i den sørlege delen av regionen med regionsenteret er det forventa vekst. I dette perspektivet vil det vere viktig å planleggje den sørlege delen si rolle til Bergen, Meland og Radøy og til resten av regionen, og viktige stikkord er fortetting, kollektivtransport, arealforvaltning, gang- og sykkelvegar, næring, byutvikling, klima og miljø. For å ha eit godt plangrunnlag inn i framtida er det særleg viktig å prioritere arbeidet med kommunedelplan Knarvik – Alversund med Alverstraumen. I tillegg må ein vurdere framdrift for områdeplan for Lonene.

Legge til rette for best mogleg utvikling av næringslivet

Det er viktig å leggje til rette for eit variert og robust næringsliv i heile kommunen. Gjennom kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og områdeplanar rundt nærsentra, kan kommunen sikre næringslivet areal til vidare utvikling. Behovet for meir tilrettelagt næringsareal i den sørlege delen er stort. I tillegg er det viktig å sikre at Mongstad kan utvikle seg vidare som eit industrielt nav i regionen, og at ein kan nytte alle dei utviklingsområda som er lagt til rette på Mongstad. Det er derfor behov for vurdere kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad i perioden. Det er også anbefalt å ta med arbeidet med massehandtering som ein del av kommunedelplan arbeidet på Mongstad.

Ambisjonar, framdrift og kapasitet

Den gjeldande planstrategien har vore ambisiøs og det er viktig å prioritere dei riktige planane fram mot ei evt. kommunesamanslåing. I tillegg til å gjennomføre konkret planarbeid skal kommunen også handtere alle prosessane rundt kommunesamanslåinga. Dette vil i seg sjølv vere eit stort utviklingsarbeid. Tida er også ein viktig faktor, alt planarbeid i inneverande periode bør vere gjennomført innan sommaren 2019, slik at arbeidet er klart til ein ny kommune blir etablert i 2020. For å sikre gjennomføring av planstrategien, er det viktig at organisasjonen har både politisk og administrativ kapasitet. Spesielt dei overordna arealplanane er tidkrevjande å gjennomføre, og det er derfor viktig å avklare kor stor del av kommuneplanen sin arealdel ein skal ta i denne perioden. Dette vil kunne påverke arbeidet med dei andre arealplanane.

Oppstart av planarbeid 2016 - 2019

Forslag til oppstart av areal – og fagplanar i perioden 2016 -2019

Plan	2016	2017	2018	2019	Kommentar
Kommuneplan					
Samfunnsdelen					Revisjon
Arealdelen					Enkelte tema
Kommunedelplan - areal					
Alversund – Knarvik med Alverstraumen					Revisjon
Lindåsneset Mongstad (Inkl massehandtering)					Enkelte tema + massehandtering
Områdeplanar					
Områdeplan Ostereidet					Starta i 2015
Områdeplan Lindås					Ny plan
Områdeplan Alversund					I prosess (inkl. skuletomt)
Områdeplan Lonena					Starta i 2015
Kommunedelplan fag					
Oppvekst					Starta i 2015
Helse og omsorg					Revisjon
Idrett, friluftsliv og nærmiljø					Starta i 2015
Trafikksikring					Rullere tiltaksdel
Kultur					Rullere tiltaksdel
Kulturminner					Rullere tiltaksdel
Klima og miljø					Rullere tiltaksdel
Samfunnstryggleik og beredskap					Ny plan
Sektor- og hovudplanar					
Landbruk					Revisjon
Strategisk næringsplan					Rullere tiltaksdelen
Hovudplan vatn					Revisjon
Bustadsosial handlingsplan					Revisjon
Bustadbyggeprogram					Revisjon
Overordna ROS-analyse					Oppdatering av noen tema

9 Planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel

9.1 Særskilte tema til drøfting i samfunndelen

Kommunen skal gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel prioritere områder som sikrar ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og minskar sosiale skilnader. Kommunen skal også arbeide for eit samfunn kor alle grupper med sine behov er inkludert, i tillegg til å bidra til livskvalitet for kommunens innbyggjarar. Planprogrammet for samfunnsdelen skal beskrive kva for tema ein skal ta opp i sjølve planprosessen. Dette er områder der kommunen ønskjer å ha ein tydelegare politikk. Val av særskilte tema er basert på sentrale utfordringar, nasjonale og regionale føringar og lokale politiske mål og strategiar.

Basert på evalueringa av gjeldande samfunnsdel vil det vere særleg viktig å konkretisere tydeligare mål og strategiar på dei områda kor ein ønskjer ein tydeligare politikk. Tiltak som blir lagt inn i handlingsdelen må vere mulig å gjennomføre så lenge Lindås er eigen kommune. Gjennom prosessen med utfordringsnotat og dialog med politisk nivå blir det lagt opp til å vurdere desse tema særskilt i planprosessen:

9.1.1 Folketall, demografi og bustadutvikling

- Tilpasse tenestetilbod til befolkningsendringar
- Fortetting i regionsenter
- Utvikling av nærsenter
- Spreidd bustadbygging
- Bumiljø

9.1.2 Eit meir inkluderande samfunn

- Få innvandrarar som kjem som flyktningar er i arbeid
- Sosialt
  - Høgt sjukefråvær
  - Mange uføre
  - Høg del unge på sosialstønad
- Bustadsosiale utfordringar
- Kultur
  - Inkludere fleire i fritids- og friluftstilbod, kultur og idrett.
- Gode oppvekst- og læringsarena
  - Oppvekstplan
  - Barnehage
    - Kapasitet
    - Bemanning

9.1.3 Helsefremmende arbeid

- Folkehelse
  - Livsstilssjukdommar
  - Psykiske plager og diagnosar
  - Aktivitet i heile befolkninga
- Trygg tilgang til rekreasjonsareal og turterrengi nærområda
- Trafikksikring
- Legge til rette for å gå, bruke sykkel og reise kollektivt
- Låg utdanningsnivå

9.1.4 Klima, miljø og energi

- Klima og miljø
  - Førebyggje skade på infrastruktur som følgje av klimaendringar
  - Redusere forureinande utslepp
  - Styrke samordning av areal- og transportplanlegginga
  - Ladestasjonar
  - Handtering av forureina masser
- Arbeide for å redusere transportbehov
- Pendlarparkering
- Meir miljøvennlige transportløysningar
- Sjøtransport
- Jordvern og biologisk mangfald
- Legge til rette for å gå, bruke sykkel og reise kollektivt

9.1.5 Samfunns og næringsutvikling

- Litt einsidig mot olje
- Utvikling av Knarvik som regionsenter
- Næringsutvikling – strategiavklaring på kommunen si rolle
- Trafikksikring
- Tenleg vegnett og tilhøyrande infrastruktur

9.1.6 Kommunen som organisasjon – tenester og sektorar

I tillegg skal samfunnsdelen også vurdere tema rundt dei kommunale tenestene og sektorane, følgjande tema skal særskilt vurderast:

- Om kommuneorganisasjonen og sektorane
- Kontinuerlig forbedring
- Digitalisering av tenester
- Rammer og kommunal økonomi (Fram mot evt. ny kommune)
- Kompetansebehov
- Kommunen som utviklingsaktør
- Kundeorientert forvaltning, service og kommunikasjon
- Oppvekst - blir løyst i eigen kommunedelplan.
- Helse og omsorg – blir løyst i eigen kommunedelplan

10 Framdriftsplan kommuneplanen sin samfunnsdel

Framdriftsplan

Revisjon av kommuneplan sin samfunnsdel	2016								2017					
	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des	jan	febr	mars	apr	mai	juni
Planprogram på høyring og offentleg ettersyn	■	■	■											
Vurdering av merknadar og innspel			■	■										
Vedtatt planprogram					■									
Utarbeiding av plan (analyse og utgreiing)				■	■	■	■	■	■					
1. gangs handsaming									■					
Høyring og offentlig ettersyn										■	■			
Vurdering av merknadar og innspel											■	■	■	
Vedtatt plan														■

11 Arealdelen

11.1 Vurdering av kommuneplanens arealdel 2011 - 2023

Kommuneplanen sin arealdel skal peika på hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan verta sett i verk. Arealdelen skal også gjera greie for kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala. Arealdelen til kommuneplanen skal omfatte plankart, føresegner og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk er ivaretatt. Plankartet skal i nødvendig utstrekning syna hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Revisjonen kan omfatta heile eller deler av arealdelen. Avgrensinga kan verta gjort både geografisk og tematisk.

Kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2023

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i kommunestyret 22.09.11 saman med samsfunnsdelen. Planen som vart vedteken i 2011 var resultat av ein full revisjon av alle arealføremål i heile kommunen. Det vart gjennomført grundige prosessar med omfattande utgreiingsarbeid. Gjeldande plan vart vedteken etter ei avsluttande meklingsrunde med Fylkesmannen. Det er vurdert at ein ikkje treng å ta ein full revisjon av arealdelen, men at det er særskilte tema som må verta vurdert på nytt.

11.2 Særskilte tema til drøfting

Som skildra i planstrategien (kapittel 7) er det lagt til grunn nokre overordna føringar som legg premiss for kva planar som skal verta prioritert:

- Førebu kommunesamanslåing
- Førebu regional vekst og fortetting kring regionsenter
- Leggje til rette for best mogeleg utvikling av næringslivet.

Ut frå dette vert det prioritert å utarbeida områdeplanar /kommunedelplanar for nærsentra/tettstadane i kommunen. Dette er omfattande planarbeid som vil krevja store kapasitet både administrativt og politisk. Det er viktig at planarbeid i inneverande kommunestyreperiode vert slutthandsama før valet hausten 2019. Ut frå dette er det vurdert at ein gjennomfører revisjon berre på deler av arealdelen. Dei tema som vert prioritert vert valt ut frå følgjande prioritering:

- Område der ein har hatt særlege utfordringar i gjeldande plan (td LNF)
- Område der ein vil leggja til rette for prioriteringar ein har gjort i samfunnsdelen (td næring)
- Område der ytre føresetnader har endra seg (td teknologisk utvikling på anlegg til akvakultur)

Mellombels vurdering av aktuelle tema:

1. **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med mellom anna strandsone**
    a. *Område til akvakultur.* Endring i konstruksjon og storleik på anlegga gjer at det er trong for monaleg større areal til kvar lokalitet enn kva som ligg inne i gjeldande plan.
    b. Friluftsområder. Oppfølging av prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftsområder

2. **LNF-områda**
    a. Føremål å redusera tal «unødvendige» dispensasjonar (føresegner jf Lindåsosane planen)
    b. Spreidd føremål til bustad, næring og fritidsbustader/naust i område utanfor Knarvik – Alversund. Føremålet er å leggja til rette for å oppretthalda busetnaden i dei einskilde bygdene.

3. **Næringsareal (Bygningar og anlegg)**
    a. Nok areal ?
    b. Rett lokalisering ?
    c. Identifisera evt rekkjefølgjekrav som hindrar gjennomføring

4. **Offentleg areal (Bygningar og anlegg)**
    a. Oppdatera i høve arealtrong identifisert gjennom fagplanar eller samfunnsdel

5. **Bustadar**
    a. Vurdera å ta ut område som har lagt inne i fleire planperiodar utan å verta bygd ut. Desse kan erstattast av nye område i same krins.

For alle arealføremål skal det verta gjort ei overordna vurdering av i kva grad enkelte arealføremål er over- eller underrepresentert. Vurderinga skal utførast krins for krins. Det vert ikkje lagt til rette for revisjon av areal til fritidsføremål. Berre unntaksvis (jf analyse over) vert det opna for revisjon av areal til bustadføremål. Denne prioriteringa skal danne grunnlaget for planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel. Arbeidet med revisjon av arealdelen vil starte i 2017.